



## Utvalde kulturlandskap Suldal

Børkjenes er ein del av UKL Suldal som fekk denne nasjonale statusen i 2018. 51 små og store område rundt om i landet vårt har innan 2023 fått status som utvalde kulturlandskap. Dette er område som er unike på kvar sin måte. Kulturlandskapet med bygningar og naturmangfold har blitt forma av jordbruksdrifta og levemåte langt tilbake og blir halde i godt i hevd av dei som forvaltar landskapet i dag.

UKL er eit samarbeid mellom Miljødirektoratet, Landbruksdirektoratet og Riksantikvaren.



### Børkjenes-tunet

I tun-klynga er det 17 bygningar. Hovudhuset er frå 1866. Det er restaurert og i bruk av familien. Kårhuset er òg sett i stand for overnattingsgjester. Den store låven ruvar mest i tunet. Her var det fjos og stall i tillegg til høylageret. Kårfolket hadde òg sin eigen fjos. I tillegg var det sauehus og hønehus der grisene òg hadde plass. Det er stabbur, kvernhus og tørkehus for kornet. Det er taubanehus, kjerrehus med vedlager, eldhus, smie og sagbruk. Sagbruket er framleis i bruk. Opprinnelag var det ein vasskall som dreiv saga. Her er det skore materiale som blant anna har vore brukt i restaureringa. Både kvern og smie er brukande. Dei fleste bygningane er frå 1700- eller 1800-talet. Smia er rekna å vera frå 1600-talet, men historia for garden strekker seg enda lenger tilbake. Ein kjenner til at Børkjenes var fråflytta i 1567. Den nyaste bygningen er garasjen frå 1985.

Marit og Jarle Tveit frå Skjold i Vindafjord kjøpte garden Børkjenes på fritt sal i 2003. Det har vore mange små og store restaureringsprosjekt etter overtakinga. Med alle bygningane i tun og mark reknar ein 40 hus, dei fleste svært gamle. I 2018 fekk Jarle og Marit Suldal kommune sin Bygningsvernpris for arbeidet med å sikra bygningsarven på Børkjenes. I 2023 fekk Børkjenes-garden tildelt Olavsrosa av Norsk Kulturarv.



Kontakt jarle@tveit.no Tlf. 913 48 602



Utdrømming: sirk@mobeklev.no



Børkjenes-stølar:

### Stølsdrift og fôrberging


Heile eigedomen er på 8.653 daa og strekker seg frå tunet og heilt til fjells der den grensar mot Sauda kommune, tusen meter høgare enn tunet.

Heia var ein viktig del av garden. Hausting og beiting i utmark var heilt avgjerande for å sikra mat til folk og dyr gjennom vinteren. Inntekter frå jakt på ryper, orrfugl, hare, mår og rev og inntekter frå turisme var også viktige.

Garden har fem stølar. Borgabuhagen, den øvste av dei fem stølane som hører til garden ligg på 760 moh. Men enda høgare, på rundt 1000 moh finn ein Jøsuphidlaren som har gitt ly og overnatting for gjeterar og andre fjellfarande. Lenger ned finn ein Øystøl, Storemyr, Hovdestølen og Bjørkestølen.

Stølane var ikkje i bruk på same tid og i same tidsperiode. Bjørkestølen blei tatt i bruk når det var godt nok beite om våren. Seinare på sommaren flytta ein med buskapen til ein høgareliggende støl. På stølane er det fleire hus. Om sommaren var dette små samfunn der innleidde budeier eller gardsfolket sjølv budde og tok seg av det daglege arbeidet med mjølking av kyr og geiter. Heile produksjonen med separering, kinning og ysting vart vanlegvis gjort på stølen. Rømme, smør og ost blei frakta heim til gards.

Den tradisjonelle stølsdrifta i Hamrabøheia tok slutt på 1950-talet. Utanom stølane er det mange små høyløer som står heilt for seg sjølv rundt om. Dette var lagringsplass for høy som blei hausta i nærområdet. På vinteren blei høyet frakta heim til garden med hest og slede.



5 Borgabuhagen



4 Øystøl



3 Storemyr



2 Hovdestøl



1 Bjørkestøl